

Årsmelding 2012

Vest-Telemark PP-teneste

PPT for Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke, Vinje og for Telemark Fylkeskommune

1. Innleing

I årsmeldinga for 2012 blir det gjort greie for drifta av PPT sett i forhold til mål og tiltak som er nedfelt i Verksemdsplan for 2012. Forhold omkring Individretta arbeid vil i tillegg bli belyst gjennom statistisk

materiale som viser omfang av tilmeldingar, saker vi jobbar med og nokre fakta kring desse. Under Internt arbeid vil det bli vist korleis vi systematisk arbeider for å betre kompetanse og tenesteyting. Årsrekneskapen 2012 vil bli kommentert når det gjeld avvik og prioriterte oppgåver.

2. Aktuell situasjon.

2.1. Generelt

PP-tenesta i Vest-Telemark er ei interkommunal teneste for kommunane Tokke, Vinje, Fyresdal, Nissedal, Kviteseid, Seljord og Telemark fylkeskommune/Vest-Telemark regionen. Det er eit spreidd busetnadsmønster i Vest-Telemark, med mange og relativt små skolar og barnehagar. Distriktet har 20 barne- og ungdomsskolar, 21 barnehagar og 2 vidaregåande skolar, der ein skole er fylkeskommunal og ein er private. PPT har sine kontor i Kviteseid. Lokala blir leigd av Vest-Telemark Næringsbygg A/S. Kviteseid kommune fører rekneskap for oss og gir oss råd med omsyn til budsjettarbeid.

2.2 Stillingar

PP-tenesta i Vest-Telemark har til saman 7 fagstillingar, medrekna leiarstillinga. Kontoret har sekretær i 100 % stilling.

2.3 Tilsette

Torunn Kittilsen	100 % dagleg leiar
Merete Tveitereid	100 % pp-rådgivar
Sissel Kjeldal	100 % pp-rådgivar
Antje Meinecke	100 % pp-rådgivar
Einar Søreide	100 % pp-rådgivar
Sveinung Heiberg Strand	100 % pp-rådgivar
Britt Ellen Omtveit	100 % pp-rådgivar
	100 % sekretær

Sekretær Anne Vassend døde brått i august.

2.4 Styringsstruktur for Vest-Telemark PPT

Representantskapets medlemmar frå nov 2012:

Torstein Tveito, ordførar, Kviteseid kommune
Erik Skjervagen, ordførar, Fyresdal kommune
Halvor Homme, ordførar, Nissedal kommune
Arne Vinje, ordførar, Vinje kommune
Hilde Alice Vågslid, ordførar, Tokke kommune
Solveig Abrahamsen, ordførar, Seljord kommune
Solveig Nekstad Grave, Telemark fylkeskommune

2.5 Styret si samansetning i 2012:

Per Dehli, rådmann, Seljord kommune, leiar
Kjersti Bergland, sektorsjef økonomi, Fyresdal kommune
Ellen Marie Prag, sektorleiar, Kviteseid kommune, styremedlem, tilsetningsutval

Vara i perioden:

Sverre Sæter, rådmann, Nissedal kommune, vara for Per Dehli
Jan Myrekrok, plan- og økonomisjef Vinje kommune, vara for Kjersti Bergland
Torny Moripen, sektorsjef kultur og oppvekst Fyresdal kommune, vara for Ellen Marie Prag

Ronde Schade ble vald som varamedlem etter Torny Moripen, 22.05.12.

Nytt styre ble valt 27.11.12

Per Dehli, Seljord, leiar, vara Sverre Sæter; Nissedal
Kjersti Bergland, Fyresdal nestleiar, vara Jan Myrekrok, Vinje

Ronde Schade, Seljord styremedlem, vara Finn Arne Askje, Tokke.

3. PP-tenesta sine oppgåver

PP-tenesta sine oppgåver er heimla i Opplæringslova.

"PP-tenesta skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørge for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det" (§ 5-6).

4. Vurdering av verksemda sett i forhold til Verksemdsplan 2012

Opplæringslova § 5-6 blir kvart år operasjonalisert i plan for verksemda.

I verksemdsplanen er visjon og hovudmål for tenesta nedfelt.

Verksemdsplan 2012 peiker i tillegg ut tre fokusområde for PPT sitt arbeid, systemretta arbeid, individretta arbeid og internt arbeid.

Visjonen omtalar den retninga PP-tenesta jobbar mot. Hovudmål og delmål er dei måla vi sette for arbeidet. Disse må sjåast i eit langsiktig perspektiv. Arbeidsmåla blir konkretisert i tiltaksdelen som gjeld for 2012. I kva grad vi har nådd måla, heng saman med korleis vi har lukkast med gjennomføringa av tiltaka. Likeeins må ein vurdere om det er dei rette tiltaka vi prioriterer

4.1 Visjon og hovudmål

Visjon: Ei tilpassa opplæring for alle

Hovudmål: Vest-Telemark PP-teneste skal bidra til å styrke handlingskompetansen i barnehage, skole og lærebedrifter for å skape gode og stimulerande utviklings- og opplæringsmiljø gjennom tilpassa og inkluderande opplæringstilbod til alle barn, elevar, lærlingar og lærekandidatar med særlege behov.

Fokusområde: Systemretta arbeid

Delmål 1

PPT skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov.

Tiltak i grunnskolen knytt til Delmål 1

PPT skal ha faste kontaktpersonar på alle skolane i distriktet. Gjennom kontaktpersonordninga ønskjer PPT å halde nær kontakt med den enkelte skolen og medverke til at det vert etablert gode rutinar for samarbeid mellom skolane og PPT.

Oppgåvene til Kontaktpersonen er nedfelt i "Retningslinjer for kontaktpersonordninga" og i "Årshjul for arbeidet i Vest-Telemark PPT"

Vurdering: Arbeidet er gjennomført som omtala.

Om ein skal realisere nasjonale forventningar til PP-tenesta slik det kjem til uttrykk i Meld. St. 18, Læring og fellesskap, der PPTs rolle med omsyn til førebyggjande arbeid og tidleg innsats er framheva, må ein sjå nærare på korleis samhandlinga mellom PP-teneste og skole kan vidareutviklast.

PPT skal medverke til at det blir utvikla gode rutinar og praksis rundt organiseringa av tiltak for barn og unge med særskilte opplæringsbehov.

Gjeld for opplæringa i gjeldande skole og for overgangar til andre opplæringsinstitusjonar.

Vurdering: Rettleiaren for spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning(Udir) omtalar forventningar til skoleinterne ruinar som dei bør arbeide etter, nå det er mistanke om at ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. PPT har utarbeidd ny mal som samsvarar med dei forventningane Udir. signaliserer.

Kontaktpersonen har informera og rettleia i forhold til rettleiaren og den nye malen.

Andre tema som har vært aktuelle er overgangar i opplæringsløpet, kartleggingsrutinar og IOP/ halvårsrapportering.

PPT skal gjennom rådgiving bidra med kompetanse både for å førebygge og å avhjelpe vanskar hos elevar med særskilte behov.

Eks: Tilmelde systemsaker frå skolane.

Vurdering: PPT har opplevd ei aukande interesse for rettleiing i systemsaker. Det er meldt 8 slike saker i 2012. Dette er saker der ein rettleier i forhold til problem skolen melder i forhold til kvalitet på læringsmiljø, klasseleiing, mm.

Også program som Zippys venner og Zero har vore aktuelle. Dette er program retta mot utvikling sosialkompetanse og førebygging av mobbing.

PPT belyser også aktuelle tema gjennom førelesningar etter ønske frå skolar.

PPT skal i utgreiing og rådgiving knytt til enkeltsaker trekke inn og belyse korleis systemfaktorar påverkar den enkelte elev og korleis endringar i desse faktorane kan medverke til positive utvikling for eleven evt. også innanfor ordinær opplæring.

Vurdering: Korleis skolen kan gi elevar som strevar ei tilfredsstillande opplæring innanfor ordinær opplæring, er jobba med knytt til rutinar kring tilmelding av elevar til PPT, da knytt til informasjon om rutinane slik de kjem fram i «Veileder for spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning» og gjennom ny mal for pedagogisk rapport ved tilmelding.

Det blir også jobba med dette temaet kontinuerleg knytt til individsaker og i sakkunnig vurdering.

PPT skal delta i administrative og faglege systemtiltak.

Eks: Forum for utdanning (omfattar barnehage, gr.skole og VGO), andre møte i kommunane.

Vurdering: Forum for utdanning er den staden der leiar av PPT regelmessig møter representantar for skolane i kommunane og er såleis ein viktig arena for utveksling av informasjon og drøftingar.

Tiltak i vidaregåande opplæring knytt til Delmål 1

PPT skal ha faste kontaktpersonar på dei vidaregåande skolane. Gjennom kontaktpersonordninga skal PPT halde nær kontakt med skolane og arbeide i tråd med inngått samarbeidsavtale.

Jmf. Tiltaksplan vgo, gjeld Telemark fylkeskommune, det blir laga egne samarbeidsavtaler med private skoler.

Vurdering: Arbeidet er utført som omtala. PPT har deltatt i T-rådsmøte på VT vgs etter fastlagt møteplan.

PPT skal medverke til at det blir utvikla gode rutinar og praksis rundt organiseringa av tiltak for elevar, lærlingar og lære kandidatane med særskilte behov.

Gjeld for opplæringa i gjeldande skole og for overgangar til andre opplæringsinstitusjonar. Jmf. Årshjul for gjennomgåande pp-teneste

Eks: Regional samling

Vurdering: Også i år samarbeida VT-PPT med MT-PPT om gjennomføring av regional samling. Samlinga var på Bø vg.sk. Tema for samlinga var innsøkingrutinar til vidaregåande opplæring for elevar som har særskilte behov. Det har også vore nær kontakt med OKOS (opplæringskontoret er et samarbeidsorgan mellom bedrifter, kommunar, fylkeskommune og stat) og fagopplæringskontoret i fylket (hjelper bedrifter og lærlingar med spørsmål kring opplæring i bedrift) kring enkeltsaker.

PPT skal i utgreiing og rådgiving knytt til enkeltsaker trekke inn og belyse korleis systemfaktorar påverkar den enkelte elev og korleis endringar i desse faktorane kan medverke til positive utvikling for eleven evt. også innanfor ordinær opplæring.

Vurdering: Korleis skolen kan gi elevar som strevar ei tilfredstillande opplæring innanfor ordinær opplæring, er jobba med knytt til rutinar kring tilmelding av elevar til PPT, da knytt til informasjon om rutinane slik de kjem fram i «Veileder for spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning» og gjennom ny mal for pedagogisk rapport ved tilmelding. Det blir også jobba med dette temaet kontinuerleg knytt til individsaker og i sakkunnig vurdering

PPT skal gjennom rådgiving bidra med kompetanse både for å førebyggje og å avhjelpe vanskar på område som er aktuelle for elevar og lærlingar med særskilde behov.

Vurdering: Førebyggjande og avhjelpande tiltak har kontinuerleg vore i fokus i samtaler knytt til individsaker og i sakkunnig vurdering.

PPT skal så langt råd er delta på dei aktuelle møteplassane for info og kompetanseutvikling som fylkeskommunen legg opp til. *Jmf. Tiltaksplan vgo*

Vurdering: PPT deltek på T-leiarsamlingane. Samlingane er nyttige sett i høve til å halde seg orientert, og til å få belyst og drøfta aktuelle tema rundt arbeidet med spesialundervisning i vgo. Det er også regelbundne møter mellom fylkeskommunens administrasjon og PP-leiarane. Her ønskjer ein å ha eit overordna blick på samhandlinga mellom fylkeskommunen og PPT, og på PPT oppgåver i vidaregåande skole.

PPT skal samarbeide med dei andre PPT-kontora i fylket som dekker dei vidaregåande skolane for å utvikle ein eins praksis overfor skolane. Nettverket møtes inntil fire g. pr. år

Vurdering: Frå hausten 2012 har det skjedd endring i samansettinga av nettverket. Porsgrunn og Skien PPT har blitt erstatta med Telemark fylkeskommunes PP-teneste for Grenland. Møta er gjennomført etter vedtatt møteplan. Praksisnære problemstillingar blir tatt opp. VT-PPT meiner samlingane fungerer godt og er nyttige.

Delmål 2

PPT skal medverke til å avdekke og avhjelpe vanskar hos førskolebarn og der igjennom førebygge vanskar med tanke på seinare opplæring.

Tiltak knytt til Delmål 2

PPT skal ha faste kontaktpersonar i kommunane som samarbeider systemretta i tråd med "Retningslinjene for systemretta arbeid i barnehage".

Retningslinjene fokuserer på førebyggjande arbeid, kompetansehevingstiltak og organisasjonsutvikling.

Vurdering: Det er regelmessig samarbeid i dei etablerte nettverka (FSB). Nettverka har 4 til 5 arbeidsmøter pr. år. Arbeidet følgjer i stor grad retningslinjene for arbeidet. Det inneberer regelmessig kompetanseheving på aktuelle tema, rettleiing i bekymringssaker, førtilmeldingssamtalar, mm.

Retningslinjene for FSB Vinje er revidert dette året, planen er å vidareføre desse til dei andre kommunane. Seljord har framleis ei eiga ordning når det gjeld samarbeid med PPT.

PPT skal medverke til kompetanseutvikling innan område som er aktuelle for å legge til rette for barn med særskilde behov.

Vurdering: Til vanleg blir tema som det ønskast meir kompetanse på avtalt kvart semester. PPTs representantar belyser temaet gjennom førelesingar eller så førebur gruppa har seg ved å lese om eit emne. Førelesingar/sjølvestudier blir etterfølgt av faglege drøftingar.

I rettleiing nyttas ulike metodar som Praksisfortellingar, Analysemodellen frå LP, Kollegarettleiing samtale/felles refleksjon.

Tema dette året:

- Kartlegging
- Sosial kompetanse
- Korleis møte barn som går i vranglås?
- Bruk av ros og oppmuntring/anerkjening
- Rolleleik/vaksenrolla/refleksjon over eigen praksis
- Nye TRAS
- Autisme
- Minoritetsspråklege barn, mm

PPT har i 2012 gitt tilbod om ei kursrekke med tittelen «Teikn som støtte til språkutviklinga». PPT sto som arrangør, Sørlandet kompetansesenter sto for det faglege innhaldet. Tilbodet gjekk til aktuelle familiar, barnehagar og skoler.

Dette året har PPT stått for innhaldet for ein planleggingsdag for heile barnehagepersonalet i Vinje. Temaet var Nye TRAS. Merete Tveitereid var førelesar.

PPT vil medverke til å skape gode overgangar mellom barnehage og skole for barn med særlege behov.

Vurdering: Mange kommunar har no laga planar for å sikre gode overgangar i opplæringsløpet. PPT deltar i drøftingar hovudsakleg i enkeltsaker.

PPT skal delta i Språknettverket i Vest-Telemark.

Vurdering: Det er heldt 4 møte i 2012. Nettverket har representantar frå alle kommunar.

Tema dette året har vore:

- Fleirspråklege barn
- Nye Tras
- Ny litteratur/ref kurs
- Case drøfting
- Auditiv persepsjon
- Ordforrådsutvikling

Tiltak som gjeld alle knytt til Delmål 1 og 2

PPT skal delta på møteplassar for dialog og samhandling med andre offentlege hjelpetenester. Dette for å bidra til at barn og deira familiar skal få heilskapleg og koordinert hjelp til rett tid.
Eks: Kompetansenettverket

Vurdering: Det har vore regelmessig samarbeid i kompetansenettverket også i 2012. 24.april arrangerte kompetansenettverket fagdag på Morgedal hotell for alle tilsette i barnevernet, familiekontoret, VTBUF, Interkommunal psykolog og PP-tenesta. Tema var: Korleis utvikle gode retningslinjer og arbeid i Ansvarsgruppemøter.
Det er og gjennomført samarbeidsmøte med kommunane, målet var å få til felles retningslinjer for arbeidet i ansvargrupper for heile Vest- Telemark. Dette målet er ikkje nådd.

PPT vil gi informasjon til barnehagar, skolar og andre brukarar gjennom PPT si heimeside.

Vurdering: Frå 2012 har Vest-Telemark PPT ny heimeside under Vest-Telemark portalen.
Adresse: www.vesttelemarkppt.no

Fokusområde: Individretta arbeid

Delmål 3

PPT skal som sakkunnig instans medverke til at barn, unge og vaksne med særskilde behov får ei likeverdig opplæring.

Tiltak knytt til Delmål 3

Sakkunnig vurdering skal gjennomførast i tråd med Utdanningsdirektoratets rettleiar og interne retningslinjer for arbeidet.

Vurdering: PPT har hatt en nedgang i tilmeldingar på 24,8 % i 2012 sett i forhold til 2011. Nedgangen er størst for 2.gongstilmeldingar på 30 %, mot 22% for 1.gongstilmeldingar.

PPT har dessverre eit etterslep av saker på venteliste som gjør at vi ikkje når opp mot nasjonale forventningar for behandlingstid. Utdanningsdirektoratets rettleiar gir retningslinjer for PPTs saksbehandling. Den seier mellom anna at PP-tenesta ikkje har anledning til å ha ventelister og at saksbehandlingstida i saker som omhandlar spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning ikkje skal overstige 3 mnd. Desse krava har vi ikkje klart å følgje. Vi har i 2012 hatt ei ventetid på inntil 5-6 mnd før saksbehandling kan starte. Med behandlingstid hos saksbehandlar kan saksbehandlingstida bli tenesta 7 -8 mnd for svært mange sakar.

Tilmeldingar til PP-tenesta

År	1.g.tilm.	2.g.tilm.	tilm.totalt	
2012	127	52	179	
2011	163	75	238	
2010	142	66	208	

2009	177	47	224	
------	-----	----	-----	--

Alder for tilmelding til PP-tenesta(prosentvis).

Kolonnane med blå tall er samanliknbare med tidlegare år. Dei er komme fram på bakgrunn av 1. gongs tilmeldingar.
Kolona med svart tekst er komme fram på bakgrunn av alle tilmeldingane, både 1.gongs- og 2.gongstilmeldingar i 2012.

Alder	2011 %	2012 %	2012 %	
-------	-----------	-----------	-----------	--

	1.g. tilm	1.g. tilm	1.g+2.g	
--	-----------	-----------	---------	--

0-2 år	5	4	3	
--------	---	---	---	--

3-5 år	12	17	15	
--------	----	----	----	--

6-9 år	17	32	25	
--------	----	----	----	--

10-12 år	16	19	23	
----------	----	----	----	--

13-15 år	29	13	18	
----------	----	----	----	--

16-18 år	14	13	11	
----------	----	----	----	--

19 - år	7	9	5	
---------	---	---	---	--

Om en samanliknar talla for 1.g tilmelding ser vi ein auke i tilmeldingar på småskoletrinnet i 2012. Samtidig ser ein også ein nedgang i tilmeldingar på ungdomsskoletrinnet. Håpet er at dette blir ein vedvarande utvikling.

53 % av 1.g tilmeldingar kjem i alderen 0-9 år. Det er framleis 32 % av elevane som blir melde for første gong først ved 10-15 år og 13 % i alderen 13 år.

Prosentvis nye tilmeldingar til PPT

Kolonnane med blå tall er samanliknbare med tidlegare år. Dei er komme fram på bakgrunn av 1. gongs tilmeldingar.

Kolonnane med svart tekst er komme fram på bakgrunn av alle tilmeldingane, både 1.gongs- og 2.gongstilmeldingar i 2012.

Kommune	2011	2012	2012 Stk	2012 Stk	2012 Stk	2012 %	
---------	------	------	-------------	-------------	-------------	-----------	--

	%	%	1.g	2.g	1.g+2.g	1.g+2.g	
--	---	---	-----	-----	---------	---------	--

Fyresdal	12	9	11	3	14	8		
Kviteseid	17	26	33	16	49	27		
Nissedal	9	5	6	1	7	4		
Seljord	12	13	16	5	21	12		
Tokke	13	17	21	12	33	18		
Vinje	25	24	30	14	44	25		
Telemark fylkeskommune	12	8	10	1	44	6		

I talla over ser vi eit godt eksempel på korleis bevist jobbing i ein kommune kan føre til endringar. Nissedal kommune har i 2012 arbeida med utviklingsprosjektet «Tilpassa opplæring innanfor fellesskapet». Gjennom prosjektet har deltakarane fått ny kunnskap som har gitt moglegheit til å sjå andre løysingar. Nissedal har redusert sine tilmeldingar av enkeltsaker til PPT med ca. 55 %.

Type vanskar som er melde

Kolonnane med blå tall er samanliknbare med tidlegare år. Dei er komme fram på bakgrunn av 1. gongs tilmeldingar. Kolonnane med svart tekst er komme fram på bakgrunn av alle tilmeldingane, både 1.gongs- og 2.gongstilmeldingar 2012.

Vanskar	2011	2012	2012	
	%	%	%	
Hørselshemma	1	3	3	
Generelle lærevanskar	4	4	4	
Samansette vanskar	2	3	3	
Medisinske vanskar	2	4	4	
Språkvanskar	29	36	38	

Lese- og skrivevanskar	25	23	22	
Matematikkvanskar	4	3	3	
Sosiale- og emosjonelle vanskar	31	24	22	
Utsett skolestart	0	0	1	
Prematur	0	0	0	
Anna	2	2	1	

Det er relativt små variasjonar i talla frå 2011-2012. Dette gjeld bortsett frå språkvanskar som har hatt ein auke på 7% samanlikna med i fjor og sosiale og emosjonelle vanskar som har hatt ein reduksjon på 7%.

Om ein ser på dei samla tala for 2012 er språkvanskar absolutt den vansken som er meldt oftast, vidare kan ei og sjå at dette er den vansken som har auka mest i tilmelding dei siste 3 åra.

Kommunane si satsing på barns språkutvikling og opplæring kan ha gjort personalet i barnehage og skole dyktigare på å kartlegge og oppdage vanskar. Det blir i det vidare arbeidet viktig å trygge dei på korleis dei ved å styrke kjerneaktivitetane kan sette inn tidlege og førebyggjande tiltak og slik hjelpe på utviklinga innanfor ordinære rammer.

Lese- og skrivevanskar er ei anna vanskegruppe som blir meldt hyppig. Også her er det viktig å styrke kjerneaktiviteten med tanke på å førebyggje vanskane. Vidare kan det være ein fordel med lesekurs innanfor ordinær opplæring, drevet av særleg kompetent lærarar, for dei som treng seinare progresjon i leseutviklinga.

Fokus på å utvikle gode læringsmiljø og god klasseleing i skolen, og å utvikle vaksenrolla i barnehagen kan ha virka positivt og førebyggjande med omsyn til sosiale og emosjonelle vanskar.

PPT skal gi informasjon til føresette, barnehage og skole om korleis den sakkunnige vurderinga er tenkt gjennomført og når sakkunnig vurdering er forventet ferdig. Utgreiingsplanleggjar skal nyttast.

Vurdering: Utgreiingsplanleggjaren har vist seg å bli svært godt mottatt av føresette og andre samarbeidspartar. Den har også vist seg å være eit godt hjelpemiddel for rådgivarane for å systematisere arbeidet. Det er likevel ikkje alle sakshandsamarane som har innført denne i alle saker.

Sakshandsamar sitt arbeid med sakkunnig vurdering skal gjennomførast i løpet av ein periode på ca. 9 veker.

Vurderinga: Det kjem fram i Rettleiaren for spesialundervisning, at om den totale behandlingstida overskrider 3 månader, frå tilmelding til vedtak blir gjort, er dette for lang sakbehandlingstid. Ut frå dette er det stipulert ei behandlingstid hos den enkelte sakshandsamar på 9 veker. Tidsbruken varierer mykje avhengig av den enkelte saken. Fleire rapporterer om at ei behandlingstid på 9 veke er vanskeleg å overhalde. I andre saker igjen kan saksutgreiinga gå relativt raskt.

Det er utført 168 sakkunnige vurderingar.

22 % av desse gjelder elevar i overgangen til vidaregåande opplæring.

I 26 % har konklusjonen vore nei til spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning.

I 72 % har konklusjonen vore ja til spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning.

I 2 % har hatt anna tema som for eksempel/utsatt framskynda skolestart.

PPT vil gjennom sakkunnig vurdering og tilbakemelding etter utgreiing gi råd om korleis opplæringa best kan leggast til rette.

Individsaker vil til vanleg bli avslutta etter dette jf. interne retningslinjer for individsaker.

Ved behov kan rådgjeving om tilrettelegging avtalast. Ein plan for rådgjevinga skal ligge føre og godkjennast av leiar.

Vurdering: PPT får tilbakemeldingar om at kvaliteten på dei sakkunnige vurderingane er gode med omsyn til å gi råd om korleis god opplæring kan leggast til rette.

Foreldre deltek i samarbeidet og rettleiinga som blir gitt underveg i prosessen og blir slik godt orienterte.

Saker under utgreiing i 2. og 3. linje blir haldne aktive til denne utgreiinga er avslutta.

Også saker i overgang til vidaregåande opplæring blir haldne aktive.

Vidare rådgiving i enkeltsaker skal være målretta ut frå barnehagens/skolens behov og organiserast som eit systemretta arbeid.

PPT skal gjennom samarbeid med andre etatar, og samarbeid med det medisinske og pedagogiske støttesystemet bidra til at barn, unge og vaksne med særskilte behov får eit heilskapleg tilbod av fagleg god kvalitet.

Vurdering: PPT samarbeider med andre etatar i ansvarsgrupper. Vi samarbeider også med 2. og 3. linje når det er trong for ytterligare utgreiing og kompetanse.

PPT skal ved behov kunne bistå kommunane med rettleiing til føresette etter § 5-7.

Gjeld rettleiing omkring barn i ein tidleg fase og som er født med eller tidleg har erverva funksjonshemming.

Vurdering: Blir ofte praktisert gjennom felles møte mellom heim, bhg og PPT. Andre gonger gis rettleiing bare til heimen, dette i saker før ein ev. barnehagestart.

PPT anbefalar BUP, Barnevern eller familiekontoret (PMTO) dersom foreldre har større behov for rådgiving.

PPT er sakkunnig instans for vaksne som har behov for spesialundervisning.

Vurdering: Det er ei avgrensa mengde slike saker. Det er likevel viktig å ha kompetanse på regelverk og ulike moglegheiter for denne gruppa. Det er oppretta eit fagnettverk for PPT tilsette i fylket som han ansvar for utgreiing av desse sakene. Dette for å auke kompetansen på området.

Fokusområde: Internt arbeid

Delmål 4

PPT skal vere ein lærande organisasjon som vidareutviklar sine strategiar for utføring av PP-tenesta sine oppgåver.

Tiltak knytt til Delmål 4

PPT skal fortløpande gjennomføre refleksjon over og evaluering av eigen praksis, intern og ekstern organisering av arbeidet. *I fagmøte og trinnteama.*

Vurdering: PPT har interne fagmøter med inntak, aktuell informasjon og faglege tema og drøftingar kvar 2.veke. Trinnteama har møter 1 gong kvar månad. På desse møta blir dagsaktuelle saker behandla eller det blir gitt intern rettleiing. Temamøte blir gjennomført ca 1 gong pr. månad. Her jobbar vi over tid, med fagområde/tema der vi ser det er trong for å lære nytt eller å utvikle tenestetilbodet.

PPT vil rette fokus mot kvalitetssikring av sakkunnig vurdering. Omfang av utgreiinga, forholdet ordinær opplæring/spesialundervisning, omfangstilråding og den skriftlege framstillinga. Tilmeldingsskjema og pedagogisk rapport ved tilmelding skal justerast.

Vurdering: Ny mal for pedagogisk rapport er laga og er tatt i bruk. Malen speilar «Veileder for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning» og forventningane om skoleintern kartlegging og utprøving før ei ev. tilmelding til PPT.

Sakkunnig vurdering og forholdet ordinær opplæring/ spesialundervisning har vore jobba med på ulike vis gjennom heile året. Kollegiet har mellom anna vore på 3 dagers kurs «Systemisk arbeid med læringsmiljø», kurshaldar var Thomas Nordahl.

Det har vore drøfta å ha ein felles norm for tilråding av omfang av spesialpedagogisk hjelp/ spesialundervisning. Dette viser seg å være vanskelig å gjennomføre da tilråding av omfang i tillegg til vansken art, også henger saman med korleis den enkelte skole greier å legge til rette for eleven innan for ordinær opplæring.

Som vidareføring av årets utviklingsarbeid vil PPT i perioden 2012 -2015 gjennomføre eit utviklingsarbeid med bakgrunn i dei forventningar som Meld. St 18 Læring og fellesskap(2010-2011) uttrykker til PP-tenesta.

Delmål 5

PPT skal utvikle sin kompetanse for betre å kunne gi brukarane nødvendig hjelp.

Tiltak knytt til Delmål 5

PPT skal gjennom opplæring, kurs og ekskursjonar oppdatere seg fagleg på ulike vanskeområde, ulike kartleggingsverktøy og testar, samt innan fagområdet rådgiving.

Vurdering: Felles fagleg satsing i år har vore Læringsmiljø (Storefjell juni 2012). Landskonferanse for PPT(Oslo nov.2012) tema der var Stortingsmelding nr.18 - Kva no?

Vidare har ein tilsett (Sissel Kjeldal)ferdigstilte masterutdanning i 2012. Ein tilsett (Antje Meinecke) ferdigstilte PP-klinisk utdanning og to tilsette ferdigstilte Marte Meo skoling.

Det har vore noko deltaking på enkelt kurs på vanskeområde og for tileigning av kartleggingskompetanse:

- "Hvordan formes vi av våre barndomsopplevelser"
- Premature
- Zippy kurs
- ADHD kurs
- WPPSY
- 5 – 15

PPT vil vidareføre sin faglege fordjuping innan området "Helhetlig læringsmiljø" med særleg vekt på tema endringsarbeid.

Vurdering: Arbeidet er ikkje gjennomført.

Driftsrekneskap 2012

Inntekter 2012	Utgifter 2012	Resultat 2012	Revidert budsjett 2012
6 532 754.37	6 387 327.92	-214 649.68	6 574 186.00

5.1 Avvik

Året avvik er små.

Årets overskot ligg i postane 13700 Kjøp frå andre og 14900 Løyvingar vedr. lønsjusteringar. Her kunne det vore gjort ei revidering.

5.2 Prioriterte oppgåver

Vi har prioritert fagleg oppdatering av dei tilsette. Mellom anna med tre dagars skoling for alle tilsett, Systemisk arbeid med læringsmiljø v. Thomas Nordahl. Til saman 121 016.-

5.3 Reneskapsmessige resultat

Rekneskapan viser eit mindreforbruk på kr. 214 649.68-

Det er ei underdekning i investeringsrekneskapan på kr. 23 019.00.

Mindreforbruk til disposisjon er kr.191 630.68.

Oppsummering 2012

Eg vi avslutte årets melding med eit sitat frå Meld. St. 18 Læring og fellesskap

«Den inkluderende barnehage og skole er basert på verdier og et menneskesyn med grunnleggende Respekt for menneskeheten og menneskers likeverd. Dette er et verdigrunnlag som har sterk tilslutning i samfunnet vårt og som er nedfelt i formålsparagrafen for både barnehage og skole.

I denne ligger hovedbegrunnelsen for en inkluderende barnehage og skole.

Forskning viser at inkludering under gitte forutsetninger gir best læringsutbytte for alle»

Vi har tatt eit val om at vi ønskjer å arbeide for ein skole som kan ta imot ei mangfaldig elevgruppe. Dei seinaste året har vi opplevd motkrefter til dette. Normalitetsomgrepet har blitt smalare og stadig fleir har blitt definert som elevar som treng noko anna enn det som ordinær opplæring kan gi.

I år ser vi for første gong ei relativt stor endring, talet tilmelde elevar går ned med nærare 25 %. Den kommunen som har prosentvis størst nedgang i tilmeldingar til PPT, har retta blikket mot korleis dei kan møte eit mangfald av elevar innan for fellesskapet.

Opplæring innanfor fellesskapet. Ei ordinær opplæring som når eit stort mangfald av elevar.

Ei ordinær opplæring i utvikling, er det vegen å gå for å gi eit best mulig læringsutbytte for alle?